

## Tilskotsordningar for 2011

### **Ordningane omfattar områda naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern, forureining og internasjonale miljøtiltak**

Miljøvernstyresmaktene set årleg i verk ei rad tiltak for å betre miljøtilstanden i Noreg. Det er oppnådd mykje i det nasjonale miljøvernarbeidet, men ein står framleis overfor betydelege utfordringar. For å lykkast med miljøvernarbeidet må styresmaktene samarbeide med andre aktørar. Medverknad frå stat og kommune, private verksemder, organisasjonar og einskildpersonar må til om ein skal løyse morgondagens miljøutfordringar. For å stimulere til ein slik brei medverknad gir Miljøverndepartementet ymse former for stønad og tilskot til tiltak som blir sette i verk av kommunar, organisasjonar, private verksemder og privatpersonar. Rundskrivet gir orientering om Miljøverndepartementet sine tilskotsordningar som er opne for søknad frå kommunar og interkommunale organ, lokale, regionale og lokale organisasjonar og lag, einskildpersonar, private verksemder og forskingsorganisasjonar.

Rundskrivet gir omtale av kva for retningsliner, søknadsfristar, kriterium o.a. som gjeld for den einskilde tilskotsordninga. Nærare råd og rettleiing kan ein og få ved å kontakte fylkesmannen og fylkeskommunen.

Frå og med 2010 er det eit krav at søknader om tilskot til vilttiltak, til førebyggjande og konfliktdempande rovvilttiltak og søknader om tilskot til lokale fisketiltak (gjeld ikkje kalkingsmidlar) fremjast i det nettbaserte søknadssystemet til Direktoratet for naturforvaltning. Det er også opna for at søknader om stønad til statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde, tiltak i statleg sikra friluftslivsområde og tilskot til friluftslivsaktivitet fremjast i det nettbaserte søknadssystemet til Direktoratet for naturforvaltning. Søknadene kan òg sendast søknadsmottakar pr post ved bruk av søknadsskjema A-11 og B-11.

Vi tek atterhald om at Stortinget vedtek alle ordningane.

Oslo, oktober 2010

Med helsing

Miljøvernministeren

## **Tilskot til naturforvaltningstiltak**

### **Tilskot til fiskeformål (Kap. 1425 post 70)**

#### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet for tilskotsordninga er å medverke til forvaltning og tiltak knytte til berekraftig bruk av bestandar av laks, sjøaure og sjørøye som det kan haustast av - til beste for fiskarar og rettshavarar. Tilskot kan gjevast til investeringar, særskilte driftsutgifter til fiskefremjande føremål, anvend forskning og overvaking. Midlane kan òg nyttast til tiltak som er direkte retta mot rekruttering eller stimulering til laksefiske. Målgruppe for ordninga er private organisasjonar og lag, til dømes fiskarlag, grunneigarlag og jeger- og fiskarforeiningar. I tillegg kan forskingsinstitusjonar og landsdekkjande organisasjonar, kommunar og interkommunale organ søkje om tilskot.

#### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Tiltak som kan få tilskot er:

- Kultiveringstiltak
- Tiltak for å betre tilgangen til fiske for allmenta og moglegheiter for fiske.
- Tiltak retta mot rekruttering eller stimulering til laksefiske.
- Forvaltningsrelaterte forskings-, utgreiings- og overvakingsprosjekt som kan medverke til at stammer av anadrome laksefisk blir tatt vare på og at fiskeressursane blir betre utnytta.
- Driftsplanlegging

Ein føresetnad for å få tilskot til driftsplanlegging er at opplegget er i samsvar med rettleiingsmateriellet som Norske Lakseelver og Noregs Skogeigarforbund har gjeve ut. Vidare skal brukarorganisasjonane og offentleg forvaltning (vanlegvis kommunen) få høve til å delta aktivt i arbeidet.

Driftsplanlegging kan òg finansierast med bygdeutviklingsmidlar, og prosjekt der ein kan oppnå samfinansiering vil bli prioriterte.

#### **Kor skal søknaden sendast**

Søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning. Andre søknader skal sendast til fylkesmannen i det fylket som søknaden gjeld.

#### **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen er 15. januar 2011.

Fylkesmannen handsamar søknadene frå lokale lag og organisasjonar, kommunar og organisasjonar på fylkesnivå innafor ei budsjettamme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått grunna manglande budsjettmidlar.

Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2011.

### **Krav til innhald i søknaden**

Fylkesmannen kan krevje at søknaden er basert på ein ferdig driftsplan eller stille som vilkår at driftsplan blir utarbeidd.

Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt spesifiserast.

Søknaden skal dokumentere at tiltak som inneber fysiske inngrep i naturen er i samsvar med godkjend kommunal plan, eller godkjend ved eit kommunalt vedtak før det blir søkt om tilskot.

Søknader om tilskot til tekniske fiskeforsterkingstiltak skal innehalde opplysningar om området der tiltaket er lokalisert, mellom anna geografisk namn, vassdrag og arealkategori i kommuneplan eller reguleringsplan.

Søknader om tilskot til fiskekultiveringstiltak og tekniske fiskeforsterkingstiltak må ha lagt ved løyve frå grunneigar, fråsegn frå kommunen og løyve frå fylkesmannen, jf. «Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag» av 15/11 2004.

Direktoratet for naturforvaltning sitt søknadssystem på internett skal nyttast.

## **Tilskot til viltformål (Kap. 1425 post 71)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet for tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre oppgåver innan viltforvaltninga og tiltak i regi av enkeltpersonar, lag og organisasjonar der tiltaket har ein regional, interkommunal eller nasjonal karakter. Målgruppe for ordninga er private organisasjonar og lag, til dømes grunneigarlag og jeger- og fiskarforeiningar. Også sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar og forskingsinstitusjonar kan søkje om tilskot.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Tilskot kan gjevast etter søknad. Kvalifiserte tiltak er:

- Kartlegging av viltressursane/viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar.
- Innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova.
- Iverksetjing av tiltak der føremålet er betre bestandsoversyn.
- Oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- Deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid.
- FoU og studentoppgåver.
- Tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og høve til jakt.
- Andre særleg prioriterte viltføremål.

Søknader om tilskot til tiltak som er forankra i ein driftsplan vil bli prioriterte.

## Kor skal søknaden sendast

Direktoratet for naturforvaltning sitt søknadssystem på internett skal nyttast. I det elektroniske søknadssenteret skal søknader på fylkesnivå adresserast til fylkeskommunen eller fylkesmannen i det fylket søknaden gjeld på følgjande måte:

- Søknader knytte til hjørteviltiltak (kap 1425 post 71.1 Tilskot til viltformål, Hjørteviltiltak) skal adresserast til fylkeskommunen.

- Søknader knytte til villreintiltak (kap 1425 post 71.2 Tilskot til viltformål, Villreintiltak) skal adresserast til fylkesmannen.

- Søknader knytte til lokale vilttiltak (kap 1425 post 71.3 Tilskot til viltformål, Lokale vilttiltak mv.) skal adresserast til fylkeskommunen når søknaden gjeld arter det kan haustast av, og til fylkesmannen når søknaden gjeld truga eller sårbare arter eller arter det ikkje kan haustast av.

Søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal adresserast til Direktoratet for naturforvaltning.

## Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen er 15. januar 2011.

Fylkeskommunen og fylkesmannen handsamar søknadene på fylkesnivå innafor ei budsjettramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått på grunn av manglande budsjettmidlar. Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2011. Søknader som blir handsama sentralt av Direktoratet for naturforvaltning kan kome til å få svar noko etter denne dato, men skal som regel vere ferdig handsama innan 15. april 2011.

## Krav til innhald i søknaden

Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt spesifiserast.

Direktoratet for naturforvaltning sitt søknadssystem på internett skal nyttast. Rett utfylling i dette systemet oppfyller krava til innhald i søknaden.

## Tilskot til kalking og lokale fiskeformål (Kap. 1427 post 70)

### Mål for ordninga og målgruppe

Målet med tilskotsordninga er å redusere negative verknader på naturmangfaldet i vassdrag som følgje av sur nedbør og andre alvorlege menneskeskapte trugsmål. Tilskotsordninga skal nyttast til å avdekkje behov for nye tiltak eller gi grunnlag for innsats som kan redusere behovet for kalking i Noreg. Målgruppe for ordninga er private organisasjonar og lag, til dømes grunneigarlag og jeger- og fiskarforeiningar. Forskingsinstitusjonar og landsdekkjande organisasjonar, kommunar og interkommunale organ kan og søkje om tilskot.

### Kva for tiltak kan få tilskot

Tiltak som kan få tilskot er:

- Kjøp, transport og spreining av kalk.
- Tekniske installasjonar for dosering av kalk.

- Informasjon om verknader av utførte tiltak og rettleiing om kalking i vatn og vassdrag.
- Fiskekultiveringstiltak og andre tiltak for å styrkje fiskebestandane i kalka vassdrag.

Tilskot gjevast til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsureing er overskriden. Mellom anna vil førekomst av organismar og fiskeslag som er følsame for forsureing bli vurdert ved prioritering av prosjekt. Eit vilkår for tilskot er at fiske i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøvernstyresmaktene, og at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eksempel på eigeninnsats er delfinansiering, dugnadsarbeid og kultiveringstiltak.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknader frå organisasjonar og lag på kommunenivå skal fremjast til kommunen. Søknader om tiltak som omfattar fleire kommunar skal sendast til ein av dei involverte kommunane. Søknader frå kommunar og organisasjonar på fylkesnivå skal sendast til fylkesmannen i det fylket søknaden gjeld. Søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning.

### **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen for lag og organisasjonar på kommunenivå er 15. desember 2010. Søknadsfristen for kommunar, lag og organisasjonar på fylkesnivå, og forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar er 15. januar 2011.

Kommunen tek imot og vurderer søknader frå lokale lag og organisasjonar, og sender søknadene med ei tilråding om prioritering til fylkesmannen saman med eventuelle søknader frå kommunen sjølv eller på vegne av fleire kommunar. Fylkesmannen handsamar søknadene frå lokale lag og organisasjonar, kommunar og organisasjonar på fylkesnivå innafor ei budsjettamme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått grunna manglande budsjettmidlar. Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2011.

### **Krav til innhald i søknaden**

#### I. Krav til identifikasjon av søkjar

- Namn, adresse, eventuelt kontaktperson.
- Telefonnummer.
- Bankkontonummer, eventuelt organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret.

#### II. Krav til fagleg omtale av prosjektet/tiltaket som det blir søkt om tilskot til:

- Mål med prosjektet, kven har nytte av prosjektet.
- Venta resultat.
- Korleis prosjektet er planlagt gjennomført.
- Samarbeidspartnarar.
- Framdriftsplan for prosjektet.
- Kva for faglege føresetnader søkjar har for å gjennomføre prosjektet.

#### III. Krav til økonomisk omtale av prosjektet:

Utgifter spesifisert på:

Drift:

- Løn inkl. arbeidsgjevaravgift.
- Forbruksmateriell.
- Reiser, transport, opphald.
- Konsulenthjelp.
- Husleige og andre leigeutgifter.
- Skattar, avgifter (anna enn arbeidsgjevaravgift).

Investeringar:

- varige driftsmidlar.
- anna.

Finansiering spesifisert på:

- Miljøverndepartementet/fagdirektorat.
- Andre departement/direktorat.
- Tilskot frå kommunen.
- Anna spesifisering .

Søknaden skal grunngi behovet for tiltaket (kjemisk og biologisk forsurningsutvikling og forsurningsstatus). Det skal opplysast om kva verknader ein ventar av tiltaket og om det trengst eventuelle fiskekultiveringstiltak. Søknaden skal òg stadfeste at eit eventuelt fiske vil vere tilgjengeleg for publikum og klarleggje om tiltaket har positive verknader for friluftslivet. I tillegg skal søknaden gi eit oversyn over eventuelle andre forureiningskjelder og tekniske og fysiske inngrep knytte til vassdraget. Søknaden skal òg innehalde kalkingstekniske vurderingar som verknad på nedstraums liggjande lokalitetar og tilrettelegging for maskinell kalking. Fylkesmannen kan krevje at søknaden er basert på ein ferdig driftsplan eller stille som vilkår at driftsplan blir utarbeidd.

Dersom søknaden gjeld vidareføring av eit eksisterande kalkingstiltak, skal ein rapport om status for dette tiltaket leggjast ved søknaden.

Nokre fylke har eigne skjema for søknader frå lokale organisasjonar/lag og kommunar, og for rapportering av status. Desse kan ein få hos fylkesmannen i det fylket søknaden gjeld.

## **Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga (Kap. 1427 post 73)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med tilskotsordninga er å sikre iverksetjing av verksame førebyggjande og konfliktdempande tiltak for å avgrense dei skadar rovvilt kan gje på husdyr og tamrein, samt ulemper i høve til lokalsamfunn og i høve til andre grupper. Primær målgruppe er husdyreigarar og reineigarar, kommunar og lokalsamfunn. Lokale, regionale og landsomfattande organisasjonar og forskingsinstitusjonar kan og søkje om tilskot.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Ein føresetnad for å gje tilskot til husdyr- og tamreineigarar er at tiltaka med stort sannsyn kan ventast å ha ein direkte tapsreducerande verknad. Dette inneber at tiltak som til dømes omfattar utvida tilsynsaktivitet aleine ikkje skal støttast økonomisk. Tiltak som omfattar fellesløyser med

fleire besetningar, heile beitelag, sankelag m.v. skal prioriterast for tilskot framfor tiltak i den einskilde besetning.

Føljande tiltak retta mot husdyr kan få tilskot:

- a) Tidlegare sanking av sau.
- b) Forsinka slepp på beite.
- c) Flytting av sau.
- d) Overgang til andre saueraser eller anna småfehold.
- e) Tidleg lamming og tidleg slakting.
- f) Intensiv gjeting av sau, til dømes kombinert med bruk av gjetarhund og nattkve.
- g) Bruk av voktarhund.
- h) Styrt bruk av område ved hjelp av gjerde (til dømes "rovdysikre" gjerde).
- i) Bruk av tekniske tiltak.
- j) Ekstraordinært tilsyn. Med dette meiner ein iverksetjing av intensivt tilsyn/gjeting straks det er oppdaga rovdyskadar, samt at dette blir utført kveld, natt og morgon.
- k) Prosjekt der utvida tilsyn er ein naudsynt del av ei kombinasjonsløyising.
- l) Kombinasjonar av tiltak som er nemnde ovafor.
- m) Andre tiltak som fell inn under målet med ordninga.

Føljande tiltak retta mot tamrein kan få tilskot:

- a) Kartlegging av taps- og strukturtilhøve i reinbeitedistrikt med spesielt store tap.
- b) Fôring av rein i område med store rovvilttap vår og vinter.
- c) Mellombels flytting av flokken til mindre rovviltutsette beiteområde.
- d) Meir intensiv gjeting i periodar med store rovvilttap.
- e) Mellombels inngjerding med utvida kantgjeting i kalvingsområde.
- f) Utprøving av halsklavar.
- g) Andre tiltak som fell inn under målet med ordninga.

Tiltak i kommunar skal gjere lokalsamfunn som råkast av rovvilt, særleg bjørn og ulv, betre i stand til å handtere konflikhtar som disse artane kan skape. Tiltaka skal bidra til auka kunnskap om og forståing for rovvilt og rovviltforvaltning. Tiltak retta mot barn og unge skal prioriterast.

Andre tiltak som kan få tilskot:

- a) Utprøving av nye førebyggjande og konfliktdempande tiltak mot rovviltskadar, samt evaluering av verknader av tiltak som er satt i gang.
- b) Forvaltningsrelaterte forskings- og utredningsoppgåver som bidreg til utvikling og iverksetting av verksame førebyggjande tiltak.

### **Kor skal søknaden sendast**

Direktoratet for naturforvaltning sitt søknadssystem på internett skal nyttast (<http://soknadssenter.dirnat.no>). I det elektroniske søknadssenteret skal søknader som omfattar den einskilde region adresserast til fylkesmannen i det fylke der søkjaren har bustad. Søknader av nasjonal karakter skal adresserast til Direktoratet for naturforvaltning.

## **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen er 15. januar 2011.

Fylkesmannen handsamar søknaden innafor ei budsjetttramme og nærare føringar fastsett av den regionale rovviltnemnda.

Tilskotsmottakarar må oppfylle følgjande kriterium:

- a) Søknaden må vere fullstendig utfylt og vere hos søknadsmottakar innan fastsett frist.
- b) Søkjar må vere innafor målgruppa for ordninga.
- c) Tiltaket må vere innafor omtalen av kva tiltak ordninga omfattar.
- d) Framlagde planar (framdrift, finansiering) må vere realistiske.

Søkjar skal rapportere om gjennomføring og evaluering av tiltaket gjennom det elektroniske søknadssenteret.

## **Krav til innhald i søknaden**

Direktoratet for naturforvaltning sitt søknadssystem på internett skal nyttast. Rett utfylling i dette systemet oppfyller krava til innhald i søknaden. For hjelp til utfylling kan fylkesmannen kontaktast.

## **Tilskot til tiltak for prioriterte artar (kap. 1427 post 82, underpost 1)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak som sikrar prioriterte artar og til aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som medverkar til å ta vare på eller rette opp økologiske funksjonsområde for prioriterte artar.

Det kan søkast om tilskot til tiltak retta mot følgjande artar:

Pattedyr: Fjellrev, bredøreflaggermus, skjeggflaggermus, skogflaggermus

Fuglar: Dverggås, hortulan, hubro, svarthalespove

Amfibium: Storsalamander

Insekt: Elvesandjeger, eremitt, klippeblåvinge, mnemosynesommerfugl, sinoberbille

Bløtdyr: Elvemusling

Karplantar: Dragehode, honningblom, jærtistel, rød skogfrue, skredmjelt, strandtorn, svartkurle

Mosar: Trøndertorvmose

Lav: Narreglye

Sopp: Storpora flammekjuke

Målgruppe for ordninga er grunneigarar, lag og foreiningar på lokalt og regionalt nivå. I tillegg kan privatpersonar, landsdekkjande organisasjonar, kommunar og institusjonar (f. eks. museum, universitet, landbruksforetak, forskingsinstitusjonar ) søkje om tilskot.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Tilskot kan m.a. gjevast til:

- Skjøtsel, som t.d. rydding, hogst, slått, brenning, trepleie, ringbarking



- Biotopforbetrande tiltak; som t.d. graving av dam, masseuttak, planting, revegetering, tilrettelegge vandringskorridorar, lage overvintringsplassar
- Tilpassa driftsform i jord- og skogbruk, tilpassa beiting
- Restaurering
- Gjerding
- Innsamling og utsetting
- Informasjon
- Kartlegging i samband med tiltak

Søknader om tilskot til skjøtselstiltak som er forankra i ein skjøtels- eller tiltaksplan, vil bli prioriterte.

Det oppmodast til samfinansiering, f. eks. med miljøtiltak i landbruket, der dette er mogleg.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknaden skal sendast til fylkesmannen i fylket søknaden gjeld.

Direktoratet for naturforvaltning sitt [søknadssystem på internett](#) skal nyttast. Søknadsskjema for denne ordninga vil vere tilgjengeleg på internett frå 8. november 2010.

### **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen er 15. januar.

Fylkesmannen handsamar søknadane innanfor ei budsjettramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Fylkesmannen skal i si handsaming drøfte prioritering av søknadane med kommunane det gjeld. Fylkesmannen skal vurdere søknadane etter naturmangfaldloven Kap II.

Storleiken på tilskotet vert fastsett etter ei skjønsmessig vurdering av kvar søknad og det totale søknadsvolumet sett i samanheng med tilgjengelege midlar.

Alle søkarar skal få svar innan 1. april.

### **Direktoratet for naturforvaltning kan fastsette andre fristar.**

#### **Krav til innhald i søknaden**

Direktoratet for naturforvaltning sitt [søknadssystem på internett](#) skal nyttast. Rett utfylling i dette systemet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde. Fylkesmannen kan kontaktast for hjelp til utfylling.

Fylkesmannen kan krevje at søknaden er basert på godkjent skjøtelsplan, eller kan stille som vilkår at plan blir utarbeidd.

## **Tilskot til tiltak for utvalde naturtypar (kap. 1427 post 82, underpost 2)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak og aktiv skjøtsel for å ta vare på utvalde naturtypar og mangfaldet av artar som kjenneteiknar den einskilde naturtypen.

Det kan søkast om tilskot til tiltak retta mot følgjande naturtypar:

- Hule eikar
- Kalksjøar
- Kalk-lindeskog
- Kystlynghei
- Slåttemark, inkludert lauveng
- Slåttemyr

Målgruppe for ordninga er grunneigarar, lag og foreiningar på lokalt og regionalt nivå. I tillegg kan privatpersonar, landsdekkjande organisasjonar, kommunar og institusjonar (f. eks. museum, universitet, landbruksforetak, forskingsinstitusjonar ) søkje om tilskot.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Tilskot kan m.a. gjevast til:

- Skjøtsel, som t.d. rydding, hogst, slått, brenning, trepleie, ringbarking, lauving, inkludert plan for dette
- Tilpassa driftsform i jord- og skogbruk, tilpassa beiting
- Restaurering, som t.d. rydding av buskoppslag og trær
- Gjerding
- Informasjon
- Kartlegging i samband med tiltak

Søknader om tilskot til skjøtselstiltak som er forankra i ein skjøtsels- eller tiltaksplan vil bli prioritert.

Det oppmodast til samfinansiering, f. eks. med miljøtiltak i landbruket, der dette er mogleg.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknaden skal sendast til fylkesmannen i fylket søknaden gjeld.

Direktoratet for naturforvaltning sitt [søknadssystem på internett](#) skal nyttast. Søknadsskjema for denne ordninga vil vere tilgjengeleg på nettet frå 8. november 2010.

### **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen er 15. januar.

Fylkesmannen handsamar søknadane innanfor ei budsjetttramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Fylkesmannen skal i si handsaming drøfte prioritering av søknadane med kommunane det gjeld. Fylkesmannen skal vurdere søknadane etter naturmangfaldloven Kap II.

Storleiken på tilskotet vert fastsett etter ei skjønsmessig vurdering av kvar søknad og det totale søknadsvolumet sett i samanheng med tilgjengelege midlar.

Alle søkarar skal få svar innan 1. april. **Direktoratet for naturforvaltning kan fastsette andre fristar.**

### **Krav til innhald i søknaden**

Direktoratet for naturforvaltning sitt søknadssystem på internett skal nyttast. Rett utfylling i dette systemet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde. Fylkesmannen kan kontaktast for hjelp til utfylling.

Fylkesmannen kan krevje at søknaden er basert på godkjent skjøtselsplan, eller kan stille som vilkår at plan blir utarbeidd.

## **Tilskot til friluftslivsaktivitet**

### **Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde (Kap. 1427 post 30)**

#### **Mål for ordninga og målgruppe**

For å sikre område til friluftsliv skaffar det offentlege til veie areal ved erverv av eigedomsrett eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale). Det viktigaste føremålet med statlege midlar til sikring av friluftslivsområde, er å betre tilgjenge til friluftsområde for allmenta, særleg i nærleiken av bustadområde. Det er viktig at område som kan brukast av store folkegrupper (som t.d. allment tilgjengeleg grønstruktur i byar og tettstade) blir sikra på denne måten. Også landfaste område i kystsona har høg prioritet.

Hovudmålet for friluftslivspolitikken er at friluftslivet skal styrkjast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet. Sikring av område for friluftsliv i nærområda er også eit viktig verkemiddel i klimapolitikken. Ordninga rettar seg mot kommunar, fylkeskommunar og interkommunale friluftsråd, men lokale lag og organisasjonar m.v. kan gjerne ta initiativ overfor kommunar og friluftsråd om å fremje sikringssøknad.

#### **Kva for tiltak som kan få midlar**

Søknader som er handsama og prioriterte i ein kommunal prosess etter plan- og bygningslova vil bli prioriterte. Dette aukar sjansane for at ulike interesser er ivaretekne og at sikring av friluftslivsområde skjer som ledd i ein plan for utvikling av friluftslivstilbodet i kommunen, og at ein regional eller nasjonal samanheng er vurdert. Ordninga rettar seg særleg mot areal som blir/vil bli intensivt nytta, og som bør leggjast til rette for friluftslivsføremål.

Når viktige nasjonale og regionale friluftsområde blir sikra, kan Direktoratet for naturforvaltning i ein skilde høve medverke til grunnleggjande tilrettelegging som er naudsynt for at område skal vere tilgjengeleg for allmenta. Område der staten skal vere grunneigar blir prioritert for slik tilrettelegging, og er avhengig av budsjettet på det tidspunkt søknaden blir handsama.

## **Kor skal søknaden sendast**

Søknaden skal sendast til fylkeskommunen i det fylket søknaden gjeld. Fylkeskommunen sender søknadene vidare til Direktoratet for naturforvaltning med ei tilråding.

## **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen for kommunar og interkommunale friluftsråd for å søke fylkeskommunen er 15. januar 2011. Frist for fylkeskommunen til å sende søknadene vidare til Direktoratet for naturforvaltning med ei tilråding er 1. april 2011. Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknadene og skal gje melding til søkjar om utfallet innan 1. juli 2011.

## **Krav til innhald i søknaden**

Direktoratet for naturforvaltning sitt søknadssystem på internett eller søknadsskjema B-11 skal nyttast. Rett utfylling i dette systemet oppfyller krava til innhald i søknaden. For rett utfylling av søknadsskjema er det utarbeidd ein eigen veiledning – Veiledning til utfylling av søknadsskjema B-11 Sikring av friluftslivsområder.

## **Tiltak i friluftsområde (Kap. 1427 post 31)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Midlane på denne posten skal dekkje utgifter til ulike praktiske tiltak som følgje av statleg sikring av viktige friluftslivsområde. Midlane skal i det alt vesentlege berre nyttast til tiltak i sikra friluftslivsområde av nasjonal eller regional betydning. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje, men ein frivillig organisasjon kan ta hand om den daglege drifta.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

I område som er sikra med statlege friluftslivsmidlar kan staten gi midlar til å finansiere opparbeiding av området, tilrettelegging, vedlikehald og skjøtsel. Aktuelle tiltak er til dømes informasjonstavler, tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, opparbeiding av turveggar og turstiggar, plassar for parkering, toalett og renovasjonsordning, badebryggje, tilplanting og liknande. DN-handbok nr. 27 – 2006 «Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv» og DN-handbok 16 «Friluftsområder – offentlig sikring og forvaltning» gir rettleiing, idear og tips om arbeidet. Fylkeskommunen kan òg gi rettleiing om aktuelle tiltak. Kommunar som har utarbeida forvaltningsplanar for friluftslivsområde vil bli prioritert ved tildeling av sikringsmidlar.

## **Kor skal søknaden sendast**

Søknaden skal sendast til fylkeskommunen i det fylket søknaden gjeld.

## **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen er 15. januar 2011.

Fylkeskommunen handsamar søknadene innafor ei budsjetttramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning og skal gi melding til søkjar om utfallet innan 15. mars 2011. Område med forvaltningsplanar vil bli prioriterte, og sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått grunna manglande budsjettmidlar.

## **Krav til innhald i søknaden**

Direktoratet for naturforvaltning sitt [søknadssystem på internett](#) eller søknadsskjema A-11 skal nyttast. Rett utfylling i dette systemet oppfyller krava til innhald i søknaden.

## **Tilskot til friluftslivstiltak (Kap. 1427 post 74)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med tilskotsordninga er å medverke til stimuleringstiltak og haldningsskapande arbeid for friluftsliv, med vekt på å styrkje allmenta sine interesser. Innsatsen vil i første rekkje rettast inn mot barn, unge, funksjonshemma og etniske minoritetar. Målgruppa for ordninga er lokale lag og organisasjonar, dei regionale nettverka "Forum for natur og friluftsliv", Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) og eventuelle andre samskipnader av landsdekkjande, frivillige organisasjonar med friluftsliv som arbeidsområde.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Midlane skal nyttast til arbeid med og konkrete tiltak til fremje av friluftslivet som utgangspunkt for gode helsevanar og miljøhaldningar. Kvalifiserte tiltak er til dømes:

- Tiltak retta mot barn, unge og barnefamiljar.
- Tiltak som stimulerer nye grupper til deltaking i friluftslivsaktivitetar, til dømes personar med nedsett funksjonsevne og etniske minoritetar i Noreg.
- Tiltak som bidrar til å utvikle samarbeidet mellom friluftsliv og kulturminnevern.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknader frå organisasjonar og lag på kommune- og fylkesnivå skal sendast til fylkeskommunen i det fylket søknaden gjelder. Søknader frå sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning.

### **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen er 15. januar 2011.

Fylkeskommunen handsamar søknadene innafor ei budsjetttramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått på grunn av knappe budsjettmidlar. Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknader frå sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2011.

## **Krav til innhald i søknaden**

Direktoratet for naturforvaltning sitt [søknadssystem på internett](#) eller søknadsskjema A-11 skal nyttast. Rett utfylling i dette systemet oppfyller krava til innhald i søknaden.

Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt spesifiserast.

# Tilskot til kulturminnetiltak

## Tilskot til kulturminnetiltak (Kap. 1429 post 50, 72, 73 og 74)

### Generell omtale

Riksantikvaren er eit direktorat for kulturminneforvaltninga og gjev råd og rettleiing i faglige spørsmål til Miljøverndepartementet. Det er Riksantikvaren som forvaltar tilskotsmidlane over postane 72, 73 og 74. Sametinget forvaltar tilskotsmidlane over post 50.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og ta vare på kulturminna som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Tilskotsmidlane må ein sjå i denne samanheng. Tilskot skal gå til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg som er freda ved vedtak, automatisk freda bygningar og anlegg frå mellomalderen, faste kulturminne knytte til kystkultur, kulturlandskap, arkeologiske kulturminne, viktige nasjonale konserveringsoppgåver, verdsarvområda, brannsikrings- og beredskapstiltak og fartøyvern. Postane kan òg dekke kostnader i samband med å skaffe ny kunnskap mellom anna innafor fagområda bergkunst, samisk kulturminnevern, utvikling av byar og tettstader og tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne. Eigar vil som hovudregel ha ansvaret for gjennomføring av eit tiltak, men i einskilde høve kan det vere føremålstenleg at Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget eller kommunane er ansvarlege i samarbeid med eigar.

Postane nyttast og til tilskot til mindre, private tiltak som blir utløyst etter kulturminnelova § 10, samt finnarløn.

### Kor skal søknaden sendast

Som hovudregel skal søknaden sendast fylkeskommunen som vurderer og prioriterer før dei sender søknaden til Riksantikvaren for slutthandsaming. Ta kontakt med fylkeskommunen om det er trong for meir informasjon. Søknad om tilskot til samisk kulturminnevernarbeid skal sendast Sametinget.

Søknadsskjema kan ein få ved å vende seg til dei respektive fylkeskommunane. Riksantikvaren har søknadsskjema for ordningane der direktoratet er mottakar av søknad (tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak (kap 1429, post 72.1) og tilskot til mellomalderbygningar og anlegg (kap. 1429, post 72.3)).

### Søknadsfrist

For dei fleste underpostane er søknadsfristen til Riksantikvaren 31. desember 2010. Unntak frå denne regelen blir omtala under den einskilde underposten. For at fylkeskommunane skal rekkje å handsame søknaden før denne fristen, må søknader sendast fylkeskommunen i god tid føre 31. desember. Fylkeskommunane kan ha ulike tidsfristar. Dei blir kunngjort i dagspressa.

### Krav til innhald i søknaden

I. Krav til identifikasjon av søkjar

- Namn, adresse, eventuelt kontaktperson.
- Telefonnummer.
- Bankkontonummer, og eventuelt organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra.

II. Krav til fagleg omtale av prosjektet/tiltaket som det blir søkt om pengar til:

- Mål med prosjektet, .

- Framdriftsplan for prosjektet.
- Beløp som det søkaste om
- Korleis prosjektet er planlagt gjennomført (til dømes bruk av arkitekt, handverkarar, eigeninnsats)
- Samarbeidspartnarar.
- Kva for faglege føresetnader søkjar har for å gjennomføre prosjektet, eventuelt om søkjar har sørget for at prosjektet kan gjennomførast på ein fagleg forsvarleg måte.

III. Krav til økonomisk omtale av prosjektet:

Utgifter spesifisert på:

- Løn inkl. feriepengar og arbeidsgjevaravgift
- Forbruksmateriell
- Reiser, transport, opphald
- Konsulenthjelp
- Andre utgifter (spesifisert)

Finansiering spesifisert på:

- Riksantikvaren/fylkeskommunen (kap 1429, postane 72, 73 og 74)
- Andre departement/direktorat
- Tilskot frå kommunen/fylkeskommunen
- Anna finansiering (spesifiser)

Det må vere samsvar mellom budsjetteringa og summen det søkaste om.

Kostnadsoverslag og tilbod frå utøvande handverkar, arkitekt m.v. skal følgje søknaden. Likeeins beskriving av tiltaket med teikningar og eventuelt fotografiar. Vidare må søknaden innehalde ei utgreiing om tiltaket eller deler av tiltaket kan gjennomførast ved mindre tilskot enn omsøkt. Søknaden må òg innehalde ei utgreiing om søkjaren har tenkt å føre vidare tiltaket når prosjektstøtta fell bort. Den må og gjere greie for korleis ein vil rapportere og formidle resultat og erfaringar til aktuelle brukarar, gjerne i samarbeid med andre og i popularisert form. Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt bli spesifisert.

Dersom søkjaren er ein organisasjon/institusjon, må søknaden fremjast av leiinga for organisasjonen/institusjonen. Dersom ei verksemd er mottakar av tilskot til drift, må ho kunne leggje fram vedtekter, statuttar e.l. og organisasjonsplan eller oversikt over styringsstrukturen i verksemda.

For anna informasjon om tilskotsordningane visast det til omtala av desse i Prop. 1 S (2010-2011) for Miljøverndepartementet. Fylkeskommunen eller Riksantikvaren kan òg gi meir informasjon.

## **Omtale av dei einskilde ordningane**

### **Tilskot til samisk kulturminnevernarbeid (Kap. 1429 post 50)**

Tilskotsordninga skal ivareta dei overordna kulturminnefaglege omsyna i arbeidet med samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane skal i hovudsak nyttast til større vedlikehalds- og restaureringsarbeid.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknad skal sendast til Sametinget, Miljø- og kulturvernavdelingen, 9840 Vuonnabahta/Varangerbotn, tlf. 78 95 99 00, faks 78 95 99 09. Sametinget svarer òg på spørsmål om ordninga.

## **Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak (Kap. 1429 post 72.1)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med tilskotsordninga er å følgje opp dei statlege pliktene i § 10 i kulturminnelova, og gi heil eller delvis dekning av utgifter som følgjer av pålegg om særskilt gransking av automatisk freda kulturminne eller til særskilte tiltak for å verne dei.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Tilskot skal gjevast til heil eller delvis dekning av utgifter i samsvar med kulturminnelovas føresegn i § 10 og utfyllande retningslinjer.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknaden skal sendast til Riksantikvaren.

### **Søknadsfrist**

Det er ingen søknadsfrist – ein kan søkje heile året.

## **Tilskot til vern og sikring av freda bygningar og anlegg (Kap. 1429 post 72.2)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med tilskotsordninga er å følgje opp dei statlege pliktene i § 15a i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid (sett ut frå antikvariske omsyn) som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar jf §17 i kulturminnelova. Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, kyrkjesokn, sokneråd, frivillige organisasjonar eller liknande.

Riksantikvaren kan sjølv initiere tiltak innafor særlege satsingsområde. Det er òg mogleg for fylkeskommunane på vegne av eigarar å søkje om middel til større oppgåver for kulturminne som har nasjonal verdi.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Eigarar av freda bygningar og anlegg har krav på tilskot til heil eller delvis dekning av kostnader som skuldast fordyrande vilkår sett av kulturminnestyresmaktene, i samband med dispensasjon frå fredingsvedtak. Tilskot til viktige sikrings- og istandsettingstiltak vil bli tildelt etter følgjande prioriteringar: Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring av freda bygningar og anlegg som er i forfall og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av. Det meste av tilskotsmidlane blir fordelte til private eigarar og forvaltarar av freda kulturminne og kulturmiljø. For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under måla for ordninga. Ved



fordeling av tilskot skal Riksantikvaren og fylkeskommunen innafor dei disponible budsjettmidla på underposten utføre ei samla fagleg vurdering av den kulturhistoriske verdien og tydinga tiltaka har i høve til målet for tilskotsordninga. Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt.

### **Kor skal søknaden sendast**

Sjå under generell omtale ovafor.

### **Søknadsfrist**

Sjå under generell omtale ovafor.

### **Krav til innhald i søknaden**

Sjå under generell omtale ovafor.

## **Tilskot til mellomalderbygningar og anlegg (Kap. 1429 post 72.3)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Tilskotsordninga skal medverke til å verne og sikre automatisk freda bygningar og ruinar frå middelalderen, under dette stavkyrkjene. Målgruppa for ordninga er eigarar og forvaltarar av disse kulturminna. Ordninga omfattar tilskot til bygningar og anlegg som er automatisk freda etter kulturminnelova. Målgruppe er eigarar og forvaltarar av automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen. Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, kommunar, kyrkjesokn, sokneråd, frivillige organisasjonar eller liknande. Riksantikvaren kan sjølv initiere tiltak innafor særlege satsingsområde.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Tilskotsmidlane skal nyttast til større vedlikehalds- og restaureringsarbeid på bygningar og anlegg som er automatisk freda etter kulturminnelova. Tilskotsmidlane blir fordelt til private eigarar og forvaltarar av desse kulturminna. For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren innafor dei disponible budsjettmidla på underposten utføre ei samla fagleg vurdering av den kulturhistoriske verdien og tydinga tiltaka har i høve til målet for tilskotsordninga. Det blir lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materialar.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknaden skal sendast Riksantikvaren.

### **Søknadsfrist**

Søknadsfristen til Riksantikvaren er 31. desember 2010.

### **Krav til innhald i søknaden**

Sjå under generell omtale ovafor. For ruinar stiller Riksantikvaren krav om at det skal lagast ein plan for skjøtselen. Riksantikvaren kan hjelpe til med å utarbeide ein slik plan.

## **Tilskot til kystkultur (Kap. 1429 post 72.4)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Ordninga skal medverke til å sikre og setje i stand freda og spesielt bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Målgruppe er eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt bevaringsverdige verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, frivillige organisasjonar eller liknande.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Det blir lagt vekt på å bruke midlane til konkrete tiltak knytte til sikring og istandsetjing, og til forvaltning, drift og vedlikehald etter antikvariske retningsliner. Tilskota blir fordelt på grunnlag av følgjande prioriteringar: Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar og handverk og opplæring og kunnskapsoppbygging er viktige grunnar for tildeling av tilskot. For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren, ev. fylkeskommunen, innafor dei disponible budsjettmidlane utføre ei samla fagleg vurdering av dei kulturhistoriske verdiane og tydinga tiltaka har i høve til målet for tilskotsordninga, under dette også verknader og ringverknader lokalt og regionalt. Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt.

### **Kor skal søknaden sendast**

Sjå under generell omtale ovafor.

### **Søknadsfrist**

Sjå under generell omtale ovafor.

### **Krav til innhald i søknaden**

Sjå under generell omtale ovafor.

## **Tilskot til freda og andre særlege verdifulle kulturmiljø og landskap (Kap. 1429 post 72.5)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Tilskotsordninga skal medverke til å ta vare på freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø. Målgruppa for ordninga er eigarar og forvaltarar av slike område.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Tilskotsmidlane blir nytta til skjøtsel av kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova eller andre særleg viktige kulturmiljø. Tilskot skal primært nyttast til praktiske forvaltningstiltak for å setje i stand, skjøtte og sikre kulturlandskap. Tiltaka bør medverke til å utvikle prinsipp og modellar for god forvaltning. Ein vil prioritere prosjekt som gir verknad med omsyn til utvikling, samordning eller samspel, og prosjekt som har overføringsverdi. Dei freda kulturmiljøa vil bli prioritert ved tildeling av tilskot. Tilskotsmidlane blir fordelte etter søknad til private eigarar og forvaltarar av desse områda.

For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren innafor disponible budsjettmidlar utføre ei samla fagleg vurdering av

tiltaka i forhold til målet for tilskotsordninga. Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafør særlege satsingsfelt.

### **Kor skal søknaden sendast**

Sjå under generell omtale ovafor.

### **Søknadsfrist**

Søknadsfristen til Riksantikvaren er 31. desember 2010.

### **Krav til innhald i søknaden**

Sjå under generell omtale ovafor.

## **Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne (Kap. 1429 post 72.6)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Tilskotsordninga skal sikre at arkeologiske kulturminne blir haldne i hevd gjennom ei tiårig satsing på skjøtsel og restaurering av eit utval arkeologiske kulturminne av nasjonal verdi, under dette sikring av bergkunst. Målgruppe er private eigarar og forvaltarar av arkeologiske kulturminne.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Tilskotsmidlane blir fordelte etter søknad til private eigarar og forvaltarar av kulturminna. Prosjekt der det er stort lokalt engasjement og der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdiar til kulturminna vil bli prioriterte. Tilskot kan mellom anna gjevast til skjøtsel, restaurering og formidling, under dette tiltak som aukar tilgjenge og som bidrar til å avgrense slitasje. Tilskot kan òg gjevast til tiltak som sikrar at resultatata frå Bergkunstprosjektet blir nytta i skjøtsel, konservering og formidling og til metodeutvikling.

For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren innafør disponible budsjettmidlar utføre ei samla fagleg vurdering av tiltaka i høve til målet for tilskotsordninga. Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafør særlege satsingsfelt.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknaden skal sendast Riksantikvaren.

### **Søknadsfrist**

Når det gjeld finnarløn kan ein søkje heile året. For andre tiltak er søknadsfristen til Riksantikvaren 31. januar 2011.

### **Krav til innhald i søknaden**

Sjå under generell omtale ovafor. For søknader om tilskot til skjøtsel stiller Riksantikvaren krav

## **Tilskot til forvaltning og vedlikehald av kulturminne på World Heritage List, nasjonale oppgaver (Kap. 1429 post 72.9)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand dei norske verdsarvområda i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå UNESCO. Målgruppe for ordninga er eigarane og forvaltarane av dei norske områda som er førte opp på UNESCO si verdsarvliste. Tilskot kan òg gjevast til tiltak som gir betre tilgjenge og som bidrar til å avgrense slitasje.

Riksantikvaren kan sjølv initiere viktige tiltak. Det er òg mogleg for fylkeskommunane på vegne av eigarar å søkje om midlar til større oppgaver.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Tilskot blir gitt til prosjekt for sikring, istandsetjing, overvaking og andre naudsynte tiltak i verdsarvområde, i samsvar med tilrådingar i evalueringsrapport frå ICOMOS (International Council on Monuments and Sites). Der det er mogleg bør tilskotsmidlane kombinerast med ordningar for opplæring som kan heve kunnskapsnivået innan antikvarisk istandsetjing. Det blir lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materiale.

### **Kor skal søknaden sendast**

For Bryggen i Bergen skal søknad sendast til Fylkeskonservatoren i Hordaland, og for Bergstaden Røros til Røros kommune. Søknader for Urnes stavkyrkje og bergkunsten i Alta skal sendast til Riksantikvaren. Søknader som gjeld bygningsvern på Vegaøyane, Vestnorsk fjordlandskap og Struves triangelkjede skal sendast dei respektive fylkeskommunane.

### **Søknadsfrist**

Kommunane og fylkeskommunane har eigne søknadsfristar som ein kan få opplyst ved å vende seg dit. Sjå under generell omtale ovafor. Søknadsfrist til Riksantikvaren er 31. desember 2010.

### **Krav til innhald i søknaden**

Sjå under generell omtale ovafor.

## **Tilskot til brannsikring og beredskapstiltak (Kap. 1429, post 73)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med ordninga er å sikre utvalde kulturminne og kulturmiljø mot brann og andre ulykker. Midlane på posten går til tilskot og drift av sikringsanlegg ved dei 28 stavkyrkjene, til førebyggjande brannsikring av utvalde tett trehusmiljø, og til andre kulturminne etter søknad. Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi.

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av utvalde kulturminne og kulturmiljø.

### **Kor skal søknaden sendast**

Midlane fordelast både direkte frå Riksantikvaren til særskilt prioriterte tiltak (stavkyrkjer) og til fylkeskommunane som vidare sender søknaden til Riksantikvaren.

## **Søknadsfrist**

Søknadsfrist til Riksantikvaren er 31. desember 2010. For at fylkeskommunane skal rekkje å handsame søknaden før denne fristen, må søknader sendast fylkeskommunen i god tid føre 31. desember. Fylkeskommunane kan ha ulike tidsfristar. Dei blir kunngjorte i dagspressa.

## **Krav til innhald i søknaden**

Sjå under generell omtale ovafor.

## **Tilskot til Fartøyvern (Kap. 1429, post 74)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern. Midlane på posten omfattar tilskotsmidlar til konkret istandsetjings- og vedlikehaldsarbeid på fartøy. Målgruppe for ordninga er eigarar og forvaltarar av slike kulturminne som er nemnde ovafor.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Tilskot vil bli tildelt etter følgjande prioriteringar: Prosjekt der det er stort lokalt engasjement og der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdiar til fartøyet, tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall og fartøy som det finst få av. Tilskot kan òg gjevast som støtte til driftsutgifter knytte til det løpande vedlikehaldet, til dømes til innkjøp av nødvendig forbruksmateriell, nødvendig periodisk ettersyn/service av maskineri og teknisk utstyr, fysisk sikring/ivaretaking av fartøyet, mellom anna strømpoppkoping ved kai. Tilskot til drift kan gjevast etter søknad og blir tildelt etter behovsprøving ut frå faktiske behov for vedlikehald. Det blir ikkje gitt faste, årlige driftstilskott.

For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren innafor disponible budsjettmidlar utføre ei samla fagleg vurdering av tiltaka i lys av den enkelte søknaden, og av behovet og venta miljøfaglege resultat som er synleggjort i denne. Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknad skal sendast Riksantikvaren.

## **Søknadsfrist**

Søknadsfrist til Riksantikvaren er 31. desember 2010.

## **Krav til innhald i søknaden**

Sjå under generell omtale ovafor.

## **Norsk kulturminnefond - Tilskot til disposisjon for kulturminnetiltak (Kap.1432, post 50)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med ordninga er å leggje til rette for auka samspel mellom offentlege og private midlar til vern og utvikling av freda og bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø. Ordninga skal stimulere til auka verneinnsats frå eigarar og næringsliv, og til meir verksame samarbeidsformer mellom offentlege og private aktørar. Midlane frå fondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane til kulturminneformål.

Målgruppe for ordninga er eigarar og forvaltarar av kulturminne og kulturmiljø.

### **Tiltak som kan få tilskot**

Tilskot vil bli tildelt etter følgjande prioriteringar:

- Tiltak som fører til vern og sikring av kulturminne og kulturmiljø og til prosjekt som fremjar verdiskaping, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet.
- Prosjekt som gir synergiverknader, som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats skal prioriterast .

Norsk kulturminnefond kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt.

Eksempler på prosjekt/tiltak som kan få støtte, er dei som:

- tar kulturminneressursane i bruk gjennom sikring, istandsetting, restauring, skjøtsel og formidling,
- stimulerer til verdiskaping og utvikling basert på kulturminneressursar i lokalsamfunna,
- utviklar nye samarbeidsformer og partnerskap mellom private eigarar, forvaltarar, frivillige grupper, lag og organisasjonar, stiftingar, private eigarar og forvaltarar, kommunar og næringsliv,
- medverkar til utvikling og formidling av kunnskap og kompetanse som aukar interessa for kulturarven,
- medverkar til utvikling av nettverk som fremmer godt handverk,
- kommer allmenta til gode.

Som hovudregel skal det ikkje gjevast midlar til:

- ordinært vedlikehald, modernisering m.v.,
- ordinær drift av institusjonar, organisasjonar, stiftingar og liknande ,
- tiltak som strekker seg ut over tre år,
- dekning av underskott,
- reiseverksemd,
- konferansar, seminar, kurs, stipend.

Det skal ikkje gjevast midlar til tiltak som krev undersøkingar og utgravingar av automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova. Det kan likevel gjevast midlar til registreringar av automatisk freda kulturminne som kommer allmenta til gode.

### **Kor skal søknaden sendast**

Søknad skal sendast Norsk kulturminnefond.

### **Søknadsfrist**

Kulturminnefondet har to årlege søknadsfristar for innsending av søknader: 01.02 og 01.09.

### **Krav til innhald i søknaden**

Sjå hjemmesida til Norsk kulturminnefond.

## **Oversikt over andre tilskotsordningar som er aktuelle for kulturminner og kulturmiljø**

Det finst og tilskotsordningar som forvaltast av andre enn Riksantikvaren og som kan vere aktuelle å søke om midlar frå til kulturminne- og kulturverntiltak, m.a.:

- Norsk kulturfond – kulturvern.
- Statens landbruksforvaltning – spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), under dette ivaretaking av natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap.
- ABM-utvikling – prosjektmidlar.

## **Tilskot og låneordningar til forureiningsområde**

### **Utbetaling av pant for bilvrak (Kap. 1441 post 75)**

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall, kapittel 4, IV omhandlar utfylling av vrakmelding og utbetaling av vrakpant.

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet for ordninga er å få bileigarane til å levere kasserte kjøretøy til godkjend oppsamlingsplass slik at bilvraka blir handsama på ein forsvarleg måte og kan gjenvinnast. Målgruppa er alle bileigarar.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Det blir utbetalt pant med kr 1.500,- for innlevering av bilvrak og beltemotorsyklar til godkjend oppsamlingsplass.

### **Kor skal søknaden sendast**

Vrakpanten blir utbetalt av Tollregion Midt-Noreg, Bodø mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend oppsamlingsplass for handsaming.

### **Søknadsfrist og sakshandsaming**

Utbetaling av vrakpant skjer fortløpande.

### **Krav til innhald i søknaden**

Retten til utbetaling følger av Stortinget si løyving. Meldingar om mottekne vrak er grunnlag for utbetaling.

## **Refusjon av smøreoljeavgifta (Kap. 1441 post 76)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet for ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til godkjend handsaming. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (19 mottak i alt) som har førehandstilsegn om tilskot frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Det blir utbetalt ein refusjon pr. liter spillolje som fyller krava for refusjon, og blir levert til godkjend handsaming. Det utbetalast refusjon for dei fleste typar brukt smøreolje med unnatak av spillolje som kjem frå større skip i internasjonal sjøfart.

### **Oppfølging og kontroll**

Oppfølginga blir ivareteke gjennom statistikk over årleg innsamla spillolje. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Klima- og forureiningsdirektoratet. I tilsegnet er det fastsett vilkår som refusjonsmottakar er forplikta til å følgje.

Utbetalingsanmodninga blir kontrollert i høve til førehandstilsegnet.

## **Refusjonsordningar for trikloretten (TRI) (Kap. 1441 post 76)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet for ordninga er å hindre utslipp til miljøet av TRI frå TRI-haldig avfall. Refusjonen blir utbetalt til godkjent mottaksanlegg for spesialavfall eller godkjent gjenvinnar av TRI-haldig avfall, som betaler beløpet vidare til avfallsleverandøren.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Refusjonssatsen i 2011 er foreslått til kr 25,- pr. kilo TRI. Refusjonen gjeld TRI som inngår i TRI-haldig avfall innlevert til godkjent spesialavfallsmottak eller til godkjent verksemd som driv gjenvinning med sikte på vidareasal. Berre TRI det er innbetalt avgift for gir krav på refusjon.

### **Kor skal søknaden sendast**

Refusjonskrav kan fremjast av avfallsbesittar ved søknad til Klima- og forureiningsdirektoratet eller han som Klima- og forureiningsdirektoratet gjev slik mynde.

### **Krav til innhald i søknaden**

Ved søknaden må avfallsbesittar leggja ved kopi av dokument som viser at det er betalt avgift for den mengde TRI som det krevjast refusjon for (jf. forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter, Kap. 3-14.). Refusjon blir utbetalt kvart kvartal.



## **Refusjon av avgift på hydrofluorkarbonar (HFK) og perfluorkarbonar (PFK) (Kap. 1441, post 76)**

### **Mål for ordninga og målgruppe**

Målet med ordninga er å redusere utsleppa til miljøet av hydrofluorkarbonar (HFK) og perfluorkarbonar (PFK). Målgruppa er aktørar som har større mengder HFK- og PFK-haldig avfall.

### **Kva for tiltak kan få tilskot**

Det blir utbetalt refusjon for den mengd HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved tidspunktet for innlevering, jf Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2. Avgifta er på kr 190 pr tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.

### **Kor skal søknaden sendast**

Refusjonskrav kan fremjast av avfallsbesittar ved søknad til Klima- og forureiningsdirektoratet.

### **Krav til innhald i søknaden**

Det må leggjast ved analyseprøver til søknaden som viser kva slag mengd og typar av HFK og PFK som er levert til destruksjon. Søknaden skal òg innehalde dokumentasjon som viser at den mengda HFK og PFK det blir søkt om refusjon for, er levert til godkjent mottak for destruksjon. Retten til refusjon fell bort om avfallet ikkje blir oppbevart ved destruksjonsanlegget i minst to veker etter at søknad om refusjon er sendt inn. Retten til refusjon fell òg bort om avfallet i løpet av denne perioden ikkje er merka med kven som har levert avfallet, eller om avfallet ikkje er påført ein referanse til eit analyseprov.

Klima- og forureiningsdirektoratet kan fastsetje nærare reglar for utbetaling av refusjon i dei tilfella der HFK- og PFK-haldig avfall blir eksportert.

## **Tilskot til internasjonalt samarbeid, luftmiljø og polarforvaltning**

### **Tilskot til nasjonale og internasjonale miljøtiltak (Kap.1400, post 76)**

#### **Målgruppe for ordningane**

Målgrupper er ikkje-statlege nasjonale og internasjonale organisasjonar og mellomfolkelege organisasjonar. Tilskot kan òg bli gitt til ikkje-statlege organisasjonar som medverkar til gjennomføring av nasjonale tiltak for å oppfylle Noreg sine internasjonale plikter knytte til klimaendringar, ozon-nedbrytande stoff og grenseoverskridande luftforureiningar.

#### **Mål for ordninga**

A: å styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er særleg viktige for Noreg og å få gjennomslag for norske miljøvernpolitiske prioriteringar internasjonalt.

B: å medverke til at Noreg gjennom nasjonale tiltak oppfyller sine internasjonale plikter knytte til klimaendringar, ozonnedbrytande stoff, grenseoverskridande luftforureiningar og helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

Tilskot blir gitt av Miljøverndepartementet basert på kva resultat departementet ønskjer å oppnå i det internasjonale miljøvernssamarbeidet eller plikter som Noreg må innfri gjennom nasjonale tiltak.

## **Stipend (Kap. 1471 post 50)**

### **Mål for ordninga**

Stipendmidlane skal auke rekruttering til og kompetansen innafor den norske polarforskinga. Midlane er eit viktig og verksamt verkemiddel for å stimulere norsk polarforsking på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradsstudentar. Støtta skal dekkje ekstraavgifter ved opphald i felt.

Utløsing av ordninga skjer i slutten av oktober kvart år med frist midt i november. Ein komite under Svalbard Science Forum vurderer søknadene og deler ut midlar.

## **Svalbards miljøvernfond (Kap. 1472)**

Svalbards miljøvernfond blei etablert i 2005. Fondet består mellom anna av midlar frå miljøavgift for reisande til Svalbard og andre avgifter i samband med jakt og fiske.

Både fondskapitalen og avkastninga skal nyttast til tiltak på Svalbard og som har til føremål å verne miljøet på øygruppa. Fondet har eit styre som fordeler fondsmidlane etter eksterne søknader. Sekretariatet for fondet er lagt til Sysselmannen på Svalbard.

For fristar og skjema for søknader, sjå: <http://www.sysselmannen.no/>, og klikk på "Svalbards miljøvernfond" nedst til venstre på forsida.

## **Søknadsskjema**

### **Søknadsskjema for naturforvaltningstiltak:**

- [Søknadsskjema A-11](#) (odt)
- [Søknadsskjema A-11](#) (pdf)

### **Søknader om tilskot til vilttiltak, til førebyggjande og konfliktdempande rovvilttiltak og**

### **søknader om tilskot til lokale fisketiltak (gjeld ikkje kalkingsmidlar):**

- [Direktoratet for naturforvaltning](#) (Elektronisk søknadssenter)

### **Søknadsskjema for sikring av friluftslivsområde:**

Veiledning til utfylling av søknadsskjema B-11

- [Søknadsskjema B-11](#) (odt)

- [Søknadsskjema B-11 \(pdf\)](#)

#### **Søknadsskjema som gjeld forureiningsordningar:**

Klima- og forureiningsdirektoratet

Strømsvn. 96, P.b. 8100 Dep.,

0032 Oslo

tlf. 22 57 34 00

<http://www.klif.no/>

#### **Kontaktpersonar:**

- Refusjon av smøreoljeavgifta – Isabelle Thelin
- Refusjonsordningar for trikloreten (TRI) – Ole Thomas Thommesen
- Refusjon av avgift på hydrofluorkarbonar (HFK) og perfluorkarbonar (PFK) – Torgrim Asphjell

#### **Søknadsskjema som gjeld forureiningsordningar**

##### **Klima- og forureiningsdirektoratet**

Strømsvn. 96, P.b. 8100 Dep.,

0032 Oslo

tlf. 22 57 34 00

<http://www.klif.no/>

#### **Kontaktpersonar:**

- Refusjon av smøreoljeavgifta – Isabelle Thelin
- Refusjonsordningar for trikloreten (TRI) – Ole Thomas Thommesen
- Refusjon av avgift på hydrofluorkarbonar (HFK) og perfluorkarbonar (PFK) – Torgrim Asphjell

## **Adresseliste**

### **Direktorat**

Direktoratet for naturforvaltning

Tungasletta 2

7485 Trondheim

tlf. 73 58 05 00

<http://www.dirnat.no/>

Elektronisk søknadssenter

Klima- og forureiningsdirektoratet  
Strømsvn.96, Pb. 8100 Dep.  
0032 Oslo  
tlf. 22 57 34 00  
<http://www.klif.no/>

Riksantikvaren  
Dronningensgt. 13, P.b. 8196 Dep.  
0034 Oslo  
tlf. 22 94 04 00  
<http://www.riksantikvaren.no/>

<b>Fylkesmannen i</b>	<b>Adresse</b>	<b>Telefon/Telefax</b>
Oslo/Akershus	Tordenskjoldsgt. 12 Boks 8111, Dep 0032 Oslo	22 00 35 00 22 00 35 35
Østfold	Vogtsgt. 17, 1502 Moss Pb 325, 1502 Moss	69 24 70 00 69 24 70 01
Hedmark	Statens hus, Parkgt 36, Pb 4034, 2306 Hamar	62 55 10 00 62 55 10 31
Oppland	Storgata 170, Serviceboks Statens hus, 2626 Lillehammer	61 26 60 00 61 26 61 67
Buskerud	Fylkeshuset, Statens hus Pb 1604, 3007 Drammen	32 26 66 00 32 89 32 36
Vestfold	Statens Park, Anton Jensensgt. 6 Postboks 2076, 3103 Tønsberg	33 37 10 00 33 37 11 35
Telemark	Statens Hus, Gjerpensgt. 14, 3708 Skien	35 58 61 10 35 52 85 90

Aust-Agder	Ragnvald Blakastads vei 1 Serviceboks 606, Fylkeshuset, 4809 Arendal	37 01 73 00 37 01 76 10
Vest-Agder	Tordenskioldsgt 65 Serviceboks 513, 4605 Kristiansand S	38 17 60 00 38 17 60 13
Rogaland	Statens hus, Lagårdsvn. 78 Pb 59, Sentrum, 4001 Stavanger	51 56 87 00 51 56 88 11
Hordaland	Statens hus, Kaigt. 9 Postboks 7310, 5020 Bergen	55 57 20 00 55 27 20 09
Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2 6863 Leikanger	57 65 50 00 57 65 50 05
Møre og Romsdal	Fylkeshuset 6404 Molde	71 25 84 43 71 25 85 10
Sør-Trøndelag	Statens Hus Prinsensgt. 1, 7468 Trondheim	73 19 90 00 73 19 91 01
Nord-Trøndelag	Statens Hus 7734 Steinkjer	74 16 80 00 74 16 80 53
Nordland	Moloveien 10 8002 Bodø	75 53 15 00 75 52 09 77
Troms	Strandveien 13 Postboks 6105, 9291 Tromsø	77 64 20 00 77 64 21 39

Finnmark	Statens hus, Damsvn 1, 9815 Vadsø	78 95 03 00 78 95 03 07
----------	--------------------------------------	----------------------------

<b>Fylkeskommunen i</b>	<b>Adresse</b>	<b>Telefon/Telefax</b>
-------------------------	----------------	------------------------

Oslo og Akershus	P.b. 1200 Sentrum	22055000
------------------	-------------------	----------

	0107 Oslo	2205505
--	-----------	---------

Østfold	P.b. 220	69117000
---------	----------	----------

	1702 Sarpsborg	69117070
--	----------------	----------

Hedmark	Fylkeshuset	62544000
---------	-------------	----------

	Parkgt. 64, 2325 Hamar	62544660
--	------------------------	----------

Oppland	Serviceboks	61289000
---------	-------------	----------

	2626 Lillehammer	61289495
--	------------------	----------

Buskerud	Fylkeshuset	32808500
----------	-------------	----------

	3020 Drammen	32808508
--	--------------	----------

Vestfold	Sven Foynsgt. 9	33344000
----------	-----------------	----------

	3126 Tønsberg	33315905
--	---------------	----------

Telemark	Fylkeshuset	35584200
----------	-------------	----------

	3706 Skien	35529955
--	------------	----------

Aust-Agder	Serviceboks 606	37017300
------------	-----------------	----------

	4809 Arendal	37017303
--	--------------	----------

Vest-Agder	Serviceboks 517	38074500
	4605 Kristiansand S	38074501
Rogaland	P.b. 130	51516600
	4001 Stavanger	51516835
Hordaland	P.b. 7900	55239000
	5020 Bergen	55239949
Sogn og Fjordane	Fylkeshuset, Askedalen 2	57656100
	6863 Leikanger	57656101
Møre og Romsdal	Fylkeshuset	71258000
	6404 Molde	71258721
Sør-Trøndelag	Erling Skakkesgt. 14	73866000
	7004 Trondheim	73866480
Nord-Trøndelag	Seilmakergt. 2	74111000
	7735 Steinkjer	74111051
Nordland	Prinsensgt. 100	75650000
	8048 Bodø	75650001
Troms	P.b. 6600	77788000
	9296 Tromsø	77788001

Finmark	Fylkeshuset	78962000
	9815 Vadsø	78962370

## **Veiledning til utfylling av søknadsskjema B-11 Sikring av friluftslivsområder**

### **Generell orientering om ordningen**

#### **Hva menes med sikring av friluftslivsområder?**

Med sikring av områder for friluftsliv menes at det offentlige skaffer seg rådighet over arealer ved erverv av eiendomsrett eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale).

#### **Hvilke arealer prioriteres ved tildeling av statlige midler?**

Direktoratet for naturforvaltning (DN) vil prioritere områder som kommer store befolkningsgrupper til gode. Nærrområder og turveger i og ved byer og tettsteder har derfor høy prioritet.

Søknader som er behandlet og prioritert i kommunal planprosess etter plan- og bygningslovens bestemmelser vil bli prioritert. Dette øker sjansen for at ulike interesser er ivaretatt, og at sikringen skjer som ledd i en helhetlig plan for utvikling av friluftslivstilbudet i kommunen, samt at regional og nasjonal sammenheng er vurdert.

DN vil videre prioritere arealer som blir/vil bli intensivt brukt, og som trenger tilrettelegging for friluftslivsformål (f.eks. badeplass eller turvei gjennom bebygde områder). DN prioriterer som hovedregel ikke sikring av områder for å hindre utbygging, da dette forutsettes ivaretatt av kommunens planlegging gjennom plan- og bygningsloven.

Landfaste områder prioriteres foran båtutfartsområder – særlig i områder med etablert Skjærgårdspark.

Det gis ikke støtte til sikring av områder som kun har karakter av tradisjonelle parker og lekeplasser, unntatt når disse utgjør en viktig del av en større sammenhengende grønnstruktur.

I føringer fra Stortinget og Miljøverndepartementet, er det gitt politiske signaler om at områder langs kysten med stort befolkningspress skal prioriteres. DN vil i denne sammenheng prioritere områder som er forankret i regionale planer, fylkesplaner eller tilsvarende. For områder som ikke har slik forankring vil det bli krevet særlig begrunnelse for hvorfor området bør sikres som offentlig friluftsområde.

DN vil prioritere søknader hvor det er sannsynliggjort rask gjennomføring av sikringsprosessen. DN vil også vurdere søknader hvor gjennomføringstidspunktet er usikkert – f.eks. fordi gjennomføring er avhengig av ekspropriasjon – men dette må dreie seg om områder av spesielt stor verdi som friluftslivsområde. For slike områder vil det bli krevet en uttrykt politisk vilje til



gjennomføring av eventuell ekspropriasjon hvis det ikke fører fram med frivillig avtale innenfor en rimelig og fornuftig pris (se punkt 4 under).

### **Søknadsfrist**

Alle søknader om tilskudd skal fremmes til fylkeskommunen innen 15. januar. Fylkeskommunen prioriterer søknadene og videresender disse til DN.

## **Utfylling av søknadsskjemaet**

### **Punkt 1 Søker**

Det er kun kommuner, fylkeskommuner og interkommunale friluftsråd som kan søke om statlig økonomisk medvirkning til sikring av friluftslivsområder. Det er viktig med direkte kontaktopplysninger til kontaktperson i kommunen, slik at det er enklest mulig å oppklare forhold angående søknaden.

### **Punkt 2 Om området**

#### Områdets navn

Ikke alle områder har et navn, men her fylles ut det lokale navnet på området som skal sikres som friluftslivsområde. Ofte får området samme navn som omkringliggende arealer.

#### Areal (m<sup>2</sup>)

Arealet oppgis i kvadratmeter. Vi har forståelse for at eksakt arealangivelse kan være vanskelig hvis arealet ikke er oppmålt, men det skal være så nøyaktig som mulig.

#### Arealets status i kommuneplan og reguleringsplan

Det kan i utgangspunktet ikke forventes statlig økonomisk medvirkning, hvis arealets planstatus ikke harmonerer med bruk til friluftslivsformål. Det stilles i utgangspunktet ikke krav om at arealet må omfattes av reguleringsplan, men i konkrete saker kan dette bli stilt som vilkår – f.eks. av hensyn til realistisk mulighet for gjennomføring av sikringsprosessen. Dette kan eventuelt tas opp med DN på forhånd.

#### Status for omkringliggende områder

Hvis nærliggende arealer tidligere er sikret som offentlig friluftslivsområde, skal dette opplyses her. Også andre forhold vedrørende omkringliggende arealer kan være naturlig å ta med – f.eks. reguleringsformål og faktisk bruk.

#### Lokal eller regional betydning

Det skal angis med konkret begrunnelse om området er av lokal eller regional betydning. For veiledning i denne vurdering, se pkt.3 nedenfor.

#### Tilgjengelighet og atkomst

Opplys hvorvidt området lett kan nås uten bruk av bil. Dette fordi unge og eldre som erfaringsmessig i mindre grad disponerer egen bil, er viktige målgrupper i friluftslivsarbeidet. Det må opplyses om atkomstforholdene; parkeringsforhold, sti/turvei frem til området m.v. Hvis

atkomstforhold skal etableres i ettertid, så må det gå fram av søknaden. Kan eventuelt utfylles nærmere i eget vedlegg til søknaden

#### Hvorfor bør området sikres?

Ved vurdering av sikringssøknadene legger DN bl.a. vekt på om det er nødvendig med sikring ved kjøp/servituttavtaler, eller om friluftslivsinteressene på arealet kan ivaretas på en tilfredsstillende måte ved å praktisere plan- og bygningslovens og friluftslovens bestemmelser. Dette gjelder spesielt for utmarksarealer og/eller holmer og skjær hvor det ikke er påregnelig med utbygging – og hvor arealet ikke synes å stå i fare for "å gå tapt" for allmennheten. Det er normalt ikke aktuelt med statlig medvirkning til sikring av utmarksarealer for å sikre ferdselsrett eller bær- og sopplukking. Det er heller ikke tilstrekkelig at en større utmarkseiendom kommer på salg til en rimelig pris. Behov for f.eks. båtfeste og/eller renovasjonsordning vil normalt ikke være nok til å begrunne kjøp av holmer og skjær som i sin helhet dekkes av 100-metersbeltet i strandsonen. I slike tilfeller vil en servituttavtale med grunneier kunne være et alternativ.

#### Kort beskrivelse av området

Her ønsker vi en kort og god beskrivelse av området – myntet på informasjon overfor allmennheten etter at området er sikret. Hva er en god beskrivelse for dem som er aktuelle brukere av området? Beskrivelsen av området blir lagt ut i Naturbasen etter at området eventuelt er gjennomført sikret, og det er derfor viktig å ha brukerne for øyet når området beskrives.

### **Punkt 3 Søknaden gjelder**

#### Statlig fullfinansiering

For regionale friluftslivsområder kan det søkes om statlig fullfinansiering. Det gjelder både når området sikres gjennom frivillig avtale og når området sikres gjennom f.eks. ekspropriasjon. "Regionale" friluftslivsområder er i utgangspunktet områder hvor hovedtyngden av brukerne kommer fra andre kommuner enn vertskommunen. For store, folkerike kommuner omgitt av mindre folkerike kommuner, vil alltid hovedtyngden av brukerne komme fra vertskommunen. I slike tilfeller kan likevel områder med svært viktige friluftslivskvaliteter av nasjonal eller regional betydning med kapasitet til å ta imot brukere fra andre kommuner, få status som nasjonale/regionale friluftslivsområder der staten gir 100 % tilskudd til erverv. DN vil legge vekt på at slike avklaringer er gjort gjennom regionale planer. Eiendomsrett eller avtalerett skal i slike tilfeller tilligge staten ved Direktoratet for naturforvaltning, mens ansvaret for den daglige drift og tilsyn av områdene skal tilligge vedkommende kommune/fylkeskommune eller interkommunale friluftsråd. Det kan ikke forventes statlig økonomisk medvirkning til bruksavtaler som er basert på årlig leie.

#### Statlig delfinansiering

Staten/DN kan medvirke med inntil 50 % av sikringskostnadene ved sikring av lokale friluftslivsområder. Med "lokale friluftslivsområder" menes områder der brukerne i all hovedsak kommer fra den kommunen området ligger i – eller fra en nabokommune som naturlig sokner til området. Eiendomsrett eller avtalerett tilligger i slike tilfeller kommunen, fylkeskommunen eller interkommunalt friluftsråd. Før utbetaling av tilskudd til lokale områder vil det bl.a. bli krevd tinglyst erklæring på området med slik ordlyd: "Området kan ikke nyttes til annet enn friluftslivsformål uten samtykke fra staten ved Direktoratet for naturforvaltning". Dette kan påføres skjøtet før tinglysning slik at man sparer ett tinglysningsgebyr. Ved avtale om varig bruksrett kreves eget punkt i avtalen om at bruksretten ikke kan frafalles uten samtykke fra staten ved Direktoratet for naturforvaltning.

Det stilles samme krav til innhold i avtaler for sikring av grunn til turveier som det stilles for tildeling av friluftsmidler og spillemidler til opparbeiding av denne type anlegg: Grunn til turvei skal sikres ved kjøp av areal eller tinglyst bruksavtale. Bruksavtaler må ha en varighet på minimum 40 år. I spesielle tilfeller kan avtaler ned til 25 år godkjennes for turveger. Det bør likevel tilstrebtes å oppnå evigvarende bruksrettsavtaler. Også for turveier må vederlaget være basert på engangsoppgjør for at DN skal kunne gi støtte – det kan ikke forventes statlig økonomisk medvirkning til bruksavtaler som er basert på årlig leie. Det bør normalt kun betales økonomisk vederlag for avtale om turveier – og ikke for stier og skiløyper.

Turveger og nærmiljøtiltak kan også få tildelt «spillemidler» fra fylkeskommunen. Vi viser til Kultur- og kirke departementets rundskriv " Orientering om tilskudd av spillemidlene til anlegg for idrett og fysisk aktivitet".

Da vurderingen av områdets regionale eller lokale funksjon beror på skjønn, kan det søkes alternativt om 100 % eller 50 % finansiering.

#### **Punkt 4 Oversikt over forventede utgifter til sikring av området**

Dette punktet i søknadsskjemaet skal gi en fullstendig oversikt over de forventede kostnadene ved sikringssaken. Det kan ikke forventes dekning av kostnader som ikke er oppført her. I noen tilfeller er det vanskelig å beregne kostnadene, f. eks. dersom prisen må fastsettes gjennom rettslig skjønn. Da må dette forklares i søknadsskjemaet eller i eget oversendelsesbrev. Men det er viktig at kostnadene beregnes så godt som mulig. Søknadene om midler til sikring av friluftslivsområder er erfaringsmessig samlet sett større enn de statlige midler som blir bevilget til formålet. DN må derfor foreta strenge prioriteringer ved søknadsbehandlingen, jf den generelle omtalen i begynnelsen av veiledningen.

I tilfeller hvor den totale kostnad ved sikring er på kr. 10.000,- eller lavere, gis det normalt ikke statlige midler til sikring.

#### Prisnivå

Det er vesentlig at prisnivået for sikring av friluftslivsområder ligger på et akseptabelt nivå. Når det søkes om statlige midler til sikring av friluftslivsområder, har DN et nasjonalt ansvar for ikke å være «prisdrivende» på dette området. Dette har bl.a. sammenheng med DNS budsjettansvar, og for å følge opp de lover og retningslinjer som er vedtatt av Stortinget.

Vurdering av akseptabel pris for friluftslivsområder er ingen enkel sak, og det er svært vanskelig å gi kortfattede råd og retningslinjer på dette feltet. For ubebygde arealer, som ikke kan bebygges pga arealplan eller andre bestemmelser i plan- og bygningsloven, må utgangspunktet være at det ikke bør betales utover landbruksverdi (jord- og skogbruk) for arealet. Hvis det på ervervstidspunktet drives noen form for annen lovlig virksomhet på arealet – f.eks. utleie av båtplasser eller oppstillingsplasser for campingvogner – så kan dette avhengig av situasjonen måtte erstattes. At området er vakkert og attraktivt for friluftsliv skal ikke begrunne et høyt prisnivå – det er det økonomiske tapet for eier som skal erstattes. Hvis arealet er båndlagt for friluftslivsformål i godkjent regulerings- eller kommuneplan, så har Høyesterett i en rekke avgjørelser fastsatt at ovennevnte prinsipper skal være hovedregelen ved rettslig skjønn. Dette er noe av bakgrunnen for at DN vil prioritere søknader hvor området har fått en slik status i kommunale planer.

Hva som er "landbruksverdi" for et bestemt areal vil kunne være vanskelig å fastslå. Skjønnspraksis varierer betydelig på dette området, og det er ofte umulig å forklare bakgrunnen for ulike skjønnsavgjørelser. Ofte er de aktuelle arealer svaberg, lavbonitet skog og/eller marginale beiteområder. I slike tilfeller vil verdien gjennomgående ligge under kr 3,- pr kvm – og ofte også under kr 1,- pr kvm. Erstatning for verdien av evt. påstående skog kommer da i tillegg.

Høyproduktiv, intensivt utnyttet dyrket mark kan i visse deler av landet bli verdsatt til over kr. 40,- pr kvm. En landbrukstakst kan for visse saker være hensiktsmessig for å avklare slike forhold. For mindre arealer – f.eks. parkeringsplasser – kan det være formålstjenlig å frigjøre seg fra en pris pr kvadratmeter, og heller tilby en "rundsummerstatning". Det vil ellers kunne være umulig å oppnå frivillige avtaler for mindre arealer. "Mindre arealer" er da gjerne arealer opp til 7-8 dekar.

### Prisforhandlinger og skjønn

De fleste områder blir sikret ved frivillige avtaler med grunneier, og det er ønskelig at denne praksisen fortsetter. Erfaringsmessig kan det være vanskelig å oppnå frivillig avtale når det tilbys landbruksverdi – særlig når selger har forhåpninger om tomteverdi. Det er viktig i slike forhandlinger å vise til skjønnsavgjørelser som har fastlagt prinsippene for verdsetting av friluftslivsområder, slik at selger ser hva som kan bli resultatet ved eventuell ekspropriasjon og påfølgende rettslig skjønn (DN kan være behjelpelig med å framskaffe slik skjønnspraksis).

For å oppnå en frivillig avtale, kan det – som forslag til en endelig forhandlingsløsning – være forsvarlig å strekke seg noe ut over en strikt landbruksverdi. Dette kan forsvares med at det offentlige da unngår skjønnskostnader. Dette må imidlertid vurderes i forhold til størrelsen på arealet og de totale sikringskostnadene.

Hvis det er for stort avvik mellom forsvarlig prisnivå og selgers krav, bør kommunen vurdere å få fastsatt prisen ved rettslig skjønn. Av de grunner som er nevnt ovenfor, kan det ikke forventes statlig medvirkning i saker hvor det er avtalt en urimelig høy pris. Hvis kommunen/friluftsrådet er i tvil, kan det være hensiktsmessig å ta kontakt med DN i forkant av slike forhandlinger.

Rettslig skjønn for fastsetting av erstatninger brukes hovedsaklig ved ekspropriasjon, men kan også benyttes ved frivillig avtale i form av rettslig avtaleskjønn. Dette kan ofte være et godt alternativ der prisdiskusjonen er fastlåst, eller for å unngå en diskusjon om pris.

I tilfeller der kommunen vurderer å få fastsatt prisen ved rettslig skjønn – og ønsker å fremme søknad om statlig medvirkning – bør det tas kontakt med DN på et tidlig tidspunkt for å diskutere eventuelle skjønnsforutsetninger og valg av advokat. Kommunen kan i så fall oppnå tilsagn om statlig medvirkning før en eventuell skjønns sak.

DN kan bekoste advokatbistand i sikrings saker, også før saken er kommet til "søknadsstadiet". Det kan tas muntlig kontakt med DN i slike saker, for å få avklart denne muligheten.

### **Punkt 5 Dagens eiendomsforhold**

Her gis opplysninger om nåværende eier av eiendommen.

Som hovedregel er det vederlagsfri overføring av eiendommer mellom statsetater, men det er i avhendingsinstruks for statlig eiendom gjort unntak for statlige virksomheter som driver innenfor såkalt "forretningsmessig drift". Prestegårdseiendommene betraktes ikke som statlig eiendom i denne sammenheng, men DN kan være behjelpelig med kontakt og forhandlinger med prestegårdsforvaltningen.

### **Punkt 6 Status for sikrings saken**

Her opplyses hvor langt sikringsprosessen har kommet i forhold til forhandlinger, ekspropriasjon eller annet. Det er viktig at forventet gjennomføringstidspunkt fylles ut, da dette er nødvendig for at DN skal kunne forberede hensiktsmessige budsjettdisposisjoner.

### **Punkt 7 Heftelser**

Ved tilsagn om statlig medvirkning til sikring forutsettes det at eventuelle økonomiske heftelser, eller heftelser som kan hindre bruk av hele eller deler av arealet til friluftslivs-formål, slettes før statlige midler kan utbetales. Hvis arealet omfatter sjøgrunn med tinglyste båtfester, kan det være et alternativ å tilby rettighetshavere plass i et felles bryggeanlegg for å rydde opp i forholdene. Det kan tas kontakt med DN om slike forhold.

### **Punkt 8 Eksisterende bygninger**

Statlige midler kan normalt bare dekke verdien av påstående bygninger hvis disse forutsettes fjernet. Verdien av bygninger som det kan være aktuelt å la bli stående – f.eks. av hensyn til kulturminneinteresser, kystledsordninger eller servicefunksjoner for området, kan bli dekket helt eller delvis avhengig av deres betydning for allmennhetens friluftsliv. I slike tilfeller må kommunen/friluftsrådet ta på seg alt ansvar for framtidig forvaltning av bygningene (f. eks. vedlikehold og restaurering/utbedring). Det er ikke aktuelt med statlig økonomisk medvirkning til å kjøpe bebygde eiendommer der eneste formål er knyttet til bruken bebyggelsen (det samme gjelder forvaltningsoverføring av eiendommer fra andre statsetater).

### **Punkt 9 Forvaltningsansvar**

Kommunen, fylkeskommunen eller friluftsrådet må ta på seg det formelle ansvaret for drift og tilsyn med sikrede friluftslivsområder. Søknader der dette ikke framgår vil derfor ikke bli innvilget.

Drifts- og tilsynsansvaret defineres til å gjelde daglig tilsyn, ansvar for å holde orden i området, etablering av eventuelle tilretteleggingstiltak, ansvar for drift og vedlikehold av eksisterende tilretteleggingstiltak og atkomstveier, vedlikehold av informasjonsskilt o.l. Det finnes statlige økonomiske ordninger til en del slike tiltak, og disse ordningene forvaltes av fylkeskommunen.

Det er ikke noe i veien for at det praktiske drift- og tilsynsansvaret overlates til f. eks. en ideell organisasjon eller velforening gjennom egen avtale med kommunen, fylkeskommunen eller friluftsrådet. Men overfor DN er det kommunen, fylkeskommunen eller friluftsrådet som må påta seg det formelle ansvaret.

### **Punkt 10 Eget bruk**

Her skal det krysses av for eget bruk og aktivitet. Det kan krysses av i flere ruter.

### **Punkt 11 Tilretteleggingstiltak**

Her skal det krysses av for hvilke tilretteleggingstiltak som allerede eksisterer i området (U), hvilke som er nødvendige å gjennomføre for at området skal kunne brukes (N), og i tillegg hvilke som er ønskelig ut over de nødvendige (Ø).

### **Punkt 12 Vedlegg som skal følge søknaden**

Sikringssøknader uten skikkelige kartvedlegg behandles ikke. Det er viktig at arealets utstrekning går tydelig fram av kartvedlegget, og det må følge med både oversikts- og detaljkart. Det bør vedlegges minst 4 fargebilder, som på en god måte visualiserer området og de nære omgivelsene. Det skal være med et følgebrev fra søker som supplerer og utdypet søknaden. Dette for at fylkeskommunen og DN skal få et fullgodt bilde av hvorfor nettopp dette området bør sikres – og hvorfor den foreslåtte arealavgrensning og pris er fornuftig.

**Ufullstendig utfylte søknader, eller søknader som mangler ovennevnte vedlegg, kan ikke forventes behandlet.**